



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hugo Morken, 55 57 21 17

Vår dato
22.03.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2017/1158 311
Dykkar referanse

I følgje liste

Vedtak om grensejustering – kommunegrensa mellom Ullensvang herad og Granvin herad - Oksenhalvøya

Fylkesmannen viser til brevet vårt av 14.12.2017 der vi gjorde framlegg om at kommune-grensa mellom Ullensvang herad og Granvin herad vert endra i samsvar med forslag fra Kartverket, slik at Ullensvang sin del av Oksenhalvøya vert ein del av Granvin herad, og seinare nye Voss herad.

Med tilvising til framlegget, og med heimel i lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsettjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) § 6, jf. delegert fullmakt i forskrift 10.03.2017 nr. 313 pkt. 2, gjer Fylkesmannen med dette følgjande vedtak:

Kommunegrensa mellom Ullensvang herad og Granvin herad vert endra slik at Ullensvang sin del av Oksenhalvøya fra 01.01.2020 vert ein del av den nye kommunen Voss herad. Den nye grensa vert fastsett i samsvar med Kartverket sitt forslag til ny grense.

Bakgrunn for saka

Etter initiativ frå Oksen Grendalag har ei justering av kommunegrensa mellom Ullensvang herad og Granvin herad, slik at Ullensvang herad sin del av Oksenhalvøya vert ein del av Granvin herad, og seinare nye Voss herad, vore utgreidd. Som del av utgreiinga har Kartverket i brev dagsett 01.12.2017 utarbeidd forslag til korleis ny kommunegrense i sjø kan gå dersom initiativet vert teken til følgje.

Stortinget vedtok den 08.06.2017 å slå Ullensvang herad saman med kommunane Odda og Jondal. Ved forskrift 19.12.2017 nr. 2166 er det bestemt at samanslåinga gjeld frå 01.01.2020. Namnet til den nye kommunen skal vere Ullensvang kommune.

Stortinget vedtok den 08.06.2017 vidare å slå Granvin herad saman med Voss kommune. Ved forskrift 19.12.2017 nr. 2164 er det bestemt at samanslåinga gjeld frå 01.01.2020. Namnet til den nye kommunen skal vere Voss herad.

Ved brev av 14.12.2017 gjorde Fylkesmannen framlegg om at kommunegrensa mellom Ullensvang herad og Granvin herad vart endra i samsvar med framlegget frå Kartverket, slik at Ullensvang sin del av Oksenhalvøya vert ein del av det noverande Granvin herad, seinare nye Voss herad. Fylkesmannen gjorde framlegg om at grensejusteringa vart iverksett frå 01.01.2020. Framlegget vart sendt på høyring til dei kommunane som saka vedkjem, samt Hordaland fylkeskommune.

Innan høyringsfristen var det motteken to uttaler til framleggget.

Granvin heradsstyre behandla framleggget til grensejustering i møte den 14.02.2018 (sak 009/18). Det vart fatta følgjande vedtak:

«Granvin herad støtter fylkesmannen sitt framlegg til vedtak om grensejustering mot Ullensvang herad datert 14.12.17.»

Ullensvang heradsstyre behandla framleggget til grensejustering i møte den 26.02.2018 (sak 09/2018). Det vart fatta følgjande vedtak:

«Ullensvang heradsstyre støttar framleggget til vedtak frå Fylkesmannen om at Oksenhalvøya vert ein del av Granvin kommune / Voss herad frå 01.01.2020. Ullensvang heradsstyre ynskjer at Fylkesmannen tar initiativ til eit møte for å avklara kompensasjon til Ullensvang herad for at ein gir frå seg Oksenhalvøya til Granvin kommune / Voss herad jfr inndelingslova §18.»

Fylkesmannen legg med det til grunn at dei kommunane som saka gjeld har fått høve til å uttale seg i samsvar med kravet i inndelingslova § 9 fjerde ledd.

Avgjerdsmynne

Etter inndelingslova § 6 kan Kongen gjere vedtak om justering av grenser mellom kommunar. Ved forskrift 10.03.2017 nr. 313 pkt. 2, jf. forskrift 29.09.2017 nr. 1531 pkt. 2, er fylkesmennene delegert mynde til å treffe avgjerd i «*mindre saker om justering av kommunegrenser når det er semje om ei løysing*».

Vilkåra for at Fylkesmannen skal ha kompetanse til å treffe avgjerd i saka er såleis for det første at det er tale om ei «*mindre sak*» om grensejustering, og dernest at det er «*semje om ei løysing*».

Som Fylkesmannen har gjort greie for i brev til kommunane av 31.08.2017, jf. også brevet vårt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 09.06.2017, vurderer vi den aktuelle saka for å vere ei slik «*mindre sak*» om grensejustering der Fylkesmannen er delegert mynde til å treffe avgjerd.

Av dei uttalene vi har mottatt i høyringa legg vi til grunn at det er semje om den løysinga som Fylkesmannen gjorde framlegg om.

På dette grunnlag legg vi difor til grunn at Fylkesmannen har mynde til å treffe avgjerd om grensejustering i denne saka.

Økonomisk oppgjer

Etter inndelingslova § 18 skal det ved ei grensejustering gjennomførast eit økonomisk oppgjer mellom kommunane, dersom dei ikkje finn det uturvande. Kommunane avgjer såleis sjølv om det er trøng for eit økonomisk oppgjer. I utgangspunktet er det vidare opp til kommunane på eiga hand å prøve å kome fram til ein avtale om det økonomiske oppgjernet. Vi viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt rundskriv H-10/15 s. 45 flg.

Dersom kommunane ikkje vert samde, vert det økonomiske oppgjeret fastsett av ei fast skjønnnsnemnd oppretta av departementet, jf. inndelingslova § 18 andre ledd. Nærmore reglar om samansetjinga av skjønnnsnemnda og overskjønnnsnemnda er gitt i inndelingslova §§ 23 og 24. Materielle reglar og kriterium som skal leggjast til grunn ved skjønnet er gitt i inndelingslova §§ 19-22. Kravet om skjønn må vere sett fram innan eitt år etter at vedtaket er sett i verk, jf. inndelingslova § 23 første ledd.

For nærmare rettleiing om reglane om det økonomiske oppgjeret, viser vi til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt rundskriv H-10/15 kap. 6.

Klagerett

Dette vedtaket kan klagast på til Kommunal- og moderniseringsdepartementet av dei kommunane som er omfatta av vedtaket. Klagen skal stilast til departementet, men sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Klagefristen er seks veker frå kommunen fekk informasjon om vedtaket.

Kopi av dette vedtaket vert også sendt til Hordaland fylkeskommune, Kartverket, Statistisk sentralbyrå, Skattedirektoratet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Oksen Grendalag til orientering.

Med helsing

Lars Sponheim
fylkesmann

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Mottakarliste:
Ullensvang herad
Granvin herad
Voss kommune
Odda kommune
Jondal kommune

Kopi til:				
Kommunal- og moderniserings-departementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO	
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN	
Kartverket		3507	HØNEFOSS	
Skattedirektoratet	Postboks 9200 Grønland	0134	OSLO	
Statistisk sentralbyrå	Postboks 8131 Dep	0033	OSLO	
Oksen Grendalag	c/o Oddbjørn Djønne, Djønno	5734	VALLAVIK	

